

## Opptur 3. mai 2023

Her kjem informasjon om OPPTUR arrangementet vårt i år. Vi kjem til å gå enten til Sørefjordhytta eller Rossvikheia. Oppmøteplass blir enten på Akse eller krysset til Birkeland. De skal få endeleg beskjed før oppmøte.

Elevane må ta med seg mat og drikke, samt vere kledd etter været. Det blir OPPTUR-QUIZ der ein av elevane blir trekt ut til å vere med på Sommarcamp i Solund saman med ein ven eller ei veninne ei helg, heilt gratis 😊 Om posten spelar på lag med oss, får alle ein premie for vel gjennomført tur 😊

Elevane og lærar frå Solund køyrer eigen bil og kjem med ferja frå Krakhella kl. 08.00 med retur frå Rysjedalsvika kl. 14.30.

Buss frå Rutebilane i Brekke skal hente elevar og lærarar frå Byrknes, Dalsøyra og Eivindvik.

Rutetider:

Byrknes kl. 07.15      Dalsøyra kl. 08.00      Nordgulen kl. 08.20      Rutledal kl. 08.35

Ferja går frå Rutledal kl. 08.40 og er i Rysjedalsvika kl. 09.00. Denne bussen hentar elevar og lærar på Hyllestad skule ca. kl. 09.15, og køyrer til Akse/Birkeland.

Elevar og lærarar frå Matre, Brekke og Bjordal møter på Oppedal ferjekai og tek ferja som går kl. 09.00. Buss frå Firda Billag går frå Lavik ferjekai kl. 09.20 og elevane og lærar frå Lavik møter der. Dei er på Akse/Birkeland ca. kl. 10.00.

Mona Birkeland, tlf. 97968131, har ansvaret for opplegget saman med Laila Gudmundsos. Dei håpar at de alle får ein flott dag saman. Dei gleder seg til å vere turleiarar for dykk!

Rutebilane i Brekke køyrer fyrst elevane til Hyllestad skule kl. 13.15. Resten kan vente til bussen kjem i retur kl. 13.35. Begge bussane skal vere i Lavik seinast kl. 14.25. Elevane frå Brekke blir med bussen som skal til Byrknes, slik at dei kjem seg attende til Brekke. Resten av elevane vert henta på Oppedal ferjekai kl. 14.50.

Om det skulle blir endringar, så skal de få beskjed.

Ta kontakt med Marit, tlf. 993 55 314 eller e-post: [ytresogn.turlag@dnt.no](mailto:ytresogn.turlag@dnt.no) om noko er uklart.

Velkommen på OPPTUR!